

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristik

Ytre Sør fjorden

- Fruktdyrking i nasjonalromantisk landskap mellom fjord og fjell

2. Områdeavgrønsing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

Ytre Sør fjorden er eit rett fjordløp i Hardanger med lier som stig jamnt frå sjøen til fjellet. I aust ligg den vestlege Hardangervidda, i vest ligg Folgefonna og lågfjellet mellom Sør fjorden og Jondal. Det går ferdsleveggar frå fleire stader ved sjøen, over fjellet til Jondal og innpå Hardangervidda.

Gardseigedomane langs fjorden går frå li til fjell. Nedst ved fjorden ligg støa, naust og gjerne kai, i den best tempererte sonen ligg det frukthagar, andre stader er det bøar. Mange tun ligg ved vegen, og har mange karakteristiske trekk. Mellom dei fremste er ulike former for skifertekking. Høgre opp i liene er det vårstølar, og på randen av liene har mange bruk eggstølar. Mange bruk har også partar i steinbuer til jakt, fangst og støling inne på vidda. Det går vegar og slep til fjells og bind saman desse mangesyslarbruka. Dei ligg som eit mest samanhengande belte på begge sider av fjorden, og gjev landskapet heilskap og visuell styrke. Beltet av frukttre er svært stort og visuelt sterkt i norsk samanheng, og gjer landskapskarakteren sjeldan.

Det freda klyngetunet Agatunet var eit gammalt høvdingsete, og gravhaugar tyder på svært tidlig busetnad. Tunet ligg trygt for ras under Tveitaberget. Garden var av dei største i Hardanger i mellomalderen, og har vore knytt til fleire vestlandske adelsætter. Her ligg lagmannsstova frå om lag 1250.

Det har i lang tid vore høvdingætter og storslekter knytt til landskapet, og jordbruket har stor tidsdjupne. Det har også jakt og fiske i fjellet, og handel med bygdene aust om vidda. Innføringa av fruktdyrking på 1100-talet er ein viktig kulturhistorisk faktor som har påverka landskapskarakteren i særleg retning. Det skal være Cisterciensarmunkar frå Lysekloster som førte fruktdyrkinga til Hardanger, og på Opedal ligg Munkagard. Her skal ein avlsgard ha lagt, og i fjellet ovafor heiter det Munkatreppane. Fruktdyrkinga skaut fart på 1800-talet, då dampen knytte gardane nærare marknaden i Bergen. Ved strandstaden Lofthus er ein freda sorenskrivargard, kyrkje frå 1250-1300 og ein vidkjend prestegard der tilreisande kunstnarar kom for å oppleve og male naturen og folka som budde i den. Strandstaden Lofthus er visuelt samlande i landskapet i Ytre Sør fjorden, som er eit av dei mest ikoniske landskapa i Noreg. Gjennom leveviset, sentrale nasjonalromantiske kunstverk og sterke kunsthandverkstradisjonar har landskapet ein sterk posisjon i norsk sjølvkjensle.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Landskapet er eit rett fjordløp med jamnt stigande lier til fjella på begge sider. Bakom dei ligg vidde og låggjell med stølar og ferdslveggar. Langs begge sider av fjorden, men sterkast på austsida, ligg eit mest samanhengande belte av gardar med ganske lik struktur, og gjev landskapet samanheng. Særleg karakteristisk er beltet av frukttre på kvar side av fjorden. Strandstaden Lofthus er visuelt samlande i landskapet, og gjev variasjon og meirverdi til landskapet. Landskapet er mellom dei mest sentrale motiva i norsk nasjonalromantisk kunst.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Fruktdyrkingslandskapet i Ytre Sør fjorden er det mest framståande landskapet av typen i landet. Det har stor utstrekning, einskap og visuell styrke. Det har tidsdjupne, kontinuitet og bruksverdi, og er ein del av dei heilskaplege mangesyslarbruka ved Hardangerfjorden som nyttar ressursar frå fjære til høg fjell. Kulturminne på Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdslvegane til fjellet er framståande i nasjonal samanheng. Landskapet har stor opplevingsverdi.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet er sårbart for store vegstrukturar, masseuttak og områdereguleringar til industri e.l.

Forvaltning:

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammes for bruken av det. Særleg gjeld dette areala der det vert dyrka frukt.